


# Årsmelding

*for*

## *Stord Eldreråd*

**2015**



## **ELDRERÅDET SI SAMANSETNING, 2015:**

### **Medlemmer:**

Lilly Skaar – leiar  
Eivind Hystad  
Marta Belsvik

### **Varamedlemmer:**

Liv Kari Søyland  
Svein Jonassen

### **Politiske medlemer frå Kommunestyret:**

Fredrik Litleskare (H)                    Geir Angelvæit (V)  
Bjørnar Helgesen (Frp)                 Jorunn Kristine Fylkesnes (V)

Sekretær: Jonas Sætre

Møtestad: Hagerupshuset

\*\*\*\*\*

Det vart i 2015 halde 9 møter der det vart handsama og orientert om saker og planar som vedkjem eldre sine levekår. Til dømes ombygging av turnhallen, utbygging av sjukeheim og prosjektet med Velferdsteknologi.

Eldrerådstreffet vart i år arrangert på Stord i regi av Stord Eldreråd 2. juni. Det vart ein svært suksessfull dag, der eldreråda i Bømlo, Fitjar, Kvinnherad og Etne deltok. Dagen starta i Kommunestylesalen der ordførar Liv Kari Eskeland og rådmann Magnus Mjør orienterte om kva som går føre seg i kommunen. Deretter var det besøk på Stord maritime museum, der Håkon Grov heldt ein presentasjon. Så stod gruvene på Litlabø for tur. Her fekk eldreråda ein guida tur inn i kisgrubene i regi av Venelaget for Grua. Dagen vart avslutta med lunsj i «Heishuset», der dei ulike eldreråda fekk høve til å orientere om kva slags saker dei har jobba med.

3. oktober var det tid for den årlege Eldredagen i Stord kulturhus. Den vart arrangert i samarbeid med Røde Kors, Stordabuen, Pasientvenene, Kjell Aasheim, Knut Vika og Åge Ottesen. Tema for årets arrangement var «friluftsliv». Her vart også Seniorprisen delt ut, som i år gjekk til Kjell Aasheim.

Lilly Skaar og Marta Belsvik deltok på eldrekonferanse i regi av Hordaland fylkeskommune i september. Skaar har også møtt på sjukeheimen sitt trivsels- og samarbeidsforum.

Stord, 09.12.2015

Lilly Skaar  
leiar